



Til kommunane i Hordaland og
Sogn og Fjordane
v/ overordna fagleg ansvarleg i høve
helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ørjan Moldestad, 5557 2103

Om innsending av meldingar om skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Kommunane i Hordaland har fått eit tilsvarande brev tidlegare. Dette er ein oppdatert versjon av brevet, som blir sendt alle kommunane i Vestland.

Bruk av tvang og makt som skadeavverjande tiltak i nødssituasjon:

Bruk av tvang og makt som skadeavverjande tiltak i nødssituasjon etter § 9-5 tredje ledd bokstav a) skal sendast inn som ei enkeltmelding. Det er visse formkrav til meldinga, jamfør helse- og omsorgstenestelova § 9-7 første ledd, jamfør tredje ledd bokstav a til e og bokstav i.

Kommunen skal straks sende desse meldingane til Fylkesmannen.

Nokre kommunar sender i tillegg einskildmeldingar i andre situasjonar. Under følgjer ein orientering om korleis ulike situasjonar/hendingar skal handterast:

1. Der kommunen vurderer det naudsynt å bruke planlagde skadeavverjande tiltak før kommunen har fått godkjent vedtak

Vedtak etter helse- og omsorgstenestelova § 9-5 tredje ledd bokstav b og c kan ikkje settast i verk før dei er godkjende av Fylkesmannen, jf. § 9-7. Dette er av omsyn til tenestemottakar sin rettstryggleik.

Kommunen må difor kontakte spesialisthelsetenesta for bistand med det same, greie ut andre løysingar og eventuelt gjere vedtak om planlagd bruk av tvang.

Der kommunen vurderer at det likevel er naudsynt å nytte nemnde tvang før vedtaket er godkjent, må kommunen straks sende ei kort skriftleg orientering til Fylkesmannen med desse opplysningane:

- Kva tiltak som vil bli gjennomført
- Kvifor tiltaket må gjennomførast utan godkjent vedtak
- Når vedtaket blir/blei sendt Fylkesmannen for overprøving

Kommunen må i tillegg sende enkeltmeldingar til Fylkesmannen.



2. Der kommunen vurderer det naudsynt å setje i gang omsorgstiltak med bruk av tvang før kommunen har fått godkjent vedtak

Som vist over kan ikkje vedtak etter § 9-5 første ledd bokstav c settast i verk før dei er godkjende av Fylkesmannen.

Kommunen må difor med ein gong kontakte spesialisthelsetenesta for bistand, greie ut andre løysingar og eventuelt fatte vedtak om planlagd bruk av tvang.

Der kommunen vurderer at det likevel er naudsynt å nytte nemnde tvang før vedtaket er godkjent, må kommunen straks sende ei kort skriftleg orientering til Fylkesmannen som nemnt under punkt 1.

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar i desse høva.

3. Der godkjent vedtak er gått ut og kommunen framleis meiner det er naudsynt å bruke planlagt tvang

Som vist over kan ikkje vedtak etter bokstav b og c settast i verk før dei er godkjende av Fylkesmannen.

Kommunen må difor sende inn vedtak om bruk av tvang i god tid før godkjeningsperioden går ut. Ver merksam på at det kan gå inntil tre månader frå Fylkesmannen har fått vedtaket til vi har overprøvd og eventuelt godkjent det.

Skulle det likevel oppstå ein periode der kommunen meiner det er naudsynt å nytte nemnde tvang før nytt vedtak er godkjent, må kommunen straks sende kort skriftleg orientering til Fylkesmannen som nemnt under punkt 1.

Dersom tvangen blir gjennomført som skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar i denne perioden skal kommunen i tillegg sende enkeltmelding til Fylkesmannen.

Når omsorgstiltak blir gjennomførte i denne perioden skal kommunen ikkje sende enkeltmelding om dette til Fylkesmannen.

4. Der godkjent omsorgstiltak eller planlagt skadeavverjande tiltak er brukt utan at kompetansekrav hjå tenesteytarane er oppfylt

Dersom det oppstår ein situasjon der kommunen må gjennomføre tvangstiltaka utan kvalifisert personale eller personale med dispensasjon til stades, til dømes ved sjukdom eller ferie, må kommunen journalføre manglande kompetanse.

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar i desse høva.



5. Ved bruk av tvang der formålet er å gje helsehjelp, som ledd i medisinsk behandling eller undersøking.

Når formålet med tvangstiltak er å gje somatisk helsehjelp, gjeld reglane i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

Når formålet med tvangstiltaket er psykisk helsehjelp, gjeld reglane i psykisk helsevernlova.

Når helsehjelpa hastar, har helsepersonell plikt til å gje augeblikkeleg helsehjelp slik dette følgjer av helsepersonellova § 7 om «øyeblikkelig hjelp». Dette gjeld både psykisk og somatisk helsehjelp. Slik helsehjelp kan, dersom det er naudsynt, bli gitt med tvang. Helsehjelp som blir gitt som augeblikkeleg helsehjelp krev ikkje vedtak, men må som all helsehjelp bli dokumentert og grunngjeve i pasientjournal.

Planlagd somatisk behandling, inkludert naudsynte tiltak for å få gjennomført behandlinga, kan berre bli gjeve frivillig eller med heimel i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A. Det er helsepersonellet som har ansvar for gjennomføringa av helsehjelpa som skal gjere desse vedtaka.

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar for tvangstiltak som er helsehjelp etter reglane i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A eller helsepersonellova § 7.

Med helsing

Linda Svori
seksjonsleiar

Ørjan Moldestad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent